




STRANDEBARM



VIKØY



NORHEIMSUND



ØYSTESE



ÅLVIK

KYRKJEBLAD

FOR KVAM

NR. 2 • JUNI 2021
82. ÅRGANG



Helsing frå Sørøst-Asia
side 13

Hjelp til å be
side 3

FRAMSIDA

På framsida ser me misjonærane Esther og Daniel Gammelsæter frå Kvam med borna Ariel, Samson og Aisa. Les helsinga deira til Kyrkjeblad for Kvam på side 13.



Den norske kyrkja i Kvam

Open kyrkje

Under pandemien har mange sett pris på at kyrkjebygga i Kvam har vore opne. Biletet er frå Ålvik kyrkje og er teke av sokenrådsmedlem Aud Aga. (LAV)



LEIAR

Ei kyrkje i endring

Den norske kyrkja er i endring. For ikkje lenge sidan var Den norske kyrkja ei statskyrkje, eit fenomen ein fann i dei nordiske landa. No er kyrkja sjølvstendig og står på eigne bein, med alle dei utfordringar og gleder det fører med seg.

Ulike kyrkjesamfunn vert organisert på ulik måte. I vår norske kyrkje har me hatt embetslinja, biskop, prost og prest – og rådslinja, kyrkeråd, bispedømeråd og sokneråd. Prestane har vore tilsett av bispedømerådet, alle andre kalt tilsette har hatt det lokale kyrkjelege fellesrådet som arbeidsgjevar. Det er vedteke at det skal vera ein arbeidsgjevar, ikkje to. I desse dagar er kyrkja i prosess, som det så vakkert heiter, på om alle skal tilsetjast lokalt, på prostnivå, på bispedømenivå, av det nasjonale kyrkerådet, eller ein mellomting av dette.

Soknepresten i Øystese og Ålvik er ein av få prestar som meiner at når eit kommunestyre kan tilsetja ein kommunelækjar, kan eit sokneråd tilsetja ein sokneprest! Mange meiner at einingane

Lars Arne Vik

Redaktør



må vera større enn soknet, eller sokna i ein kommune. Nokon vil innføra eit prostiråd som skal ha arbeidsgjevaransvar for alle tilsette i Den norske kyrkja i eit prosti, og så må kanskje prostia verta større – og mindre. Andre meiner at det kjem mindre pengar til lokalkyrkjelydane om det skal inn eit forvaltningsnivå til.

For: Det er lokalt det daglege kyrkjelege livet vert levd. Det er lokalt at borna vert døypte, konfirmantane opplærde, sørgande trøysta, ekteskap innstifta og velsigna. Det er lokalt me driv med trusopplæring, diakoni og kyrkjemusikk.

Kva som tener den lokale kyrkja best, å ha arbeidsgjevaransvar i kommunen, i prostiet, i bispedømet eller i Oslo i kyrkerådet står att å sjå. For samstundes som kyrkja er lokal, er ho og del av noko større, ja ei verdsvid kyrkje.

Og så må me bruka vårt vit, våre liv og våre stemmer til å vere kyrkje der me er!



Utgjevar:

Vikøy, Øystese og Ålvik sokneråd

Ansvarleg redaktør:

Lars Arne Vik, lv767@kyrkja.no

Grafisk produksjon:

Norheimsund Trykkeri AS

Trykk:

HBO Nova Print AS



Miljømerket trykksak 241 600



Kontingent:

Friviljug

Annonser:

Kontakt redaksjonen

Bankkontonummer:

3530 007 06922 for kontingentar og gåver

Opplag:

3800 pr. nummer. Fire nummer i året.

Tips til stoff:

Send til post.kvam@kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA
Kvam kyrkjelege fellesråd

Telefon:

414 00 035 / 474 83 120

56 55 18 88 er ikkje i bruk lenger.

E-post:

post.kvam@kyrkja.no

Vitjingsadresse:

Kvam kyrkjekontor, Norheimsund kyrkje,
Kyrkjev. 40, Norheimsund

Postadresse:

Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:

www.kyrkja.no/Kvam

Facebook:

Den norske kyrkja i Kvam

Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps, søk opp det einsskilde sokneråd.

Soknepresten i Strandebarm og Vikøy:

Roar Strømme,
rs466@kyrkja.no, tlf. 970 37 737

Soknepresten i Øystese og Ålvik:

Lars Arne Vik,
lv767@kyrkja.no, tlf. 477 56 449

Kyrkjevevja i Kvam:

Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland,
se934@kyrkja.no, tlf. 414 00 035

Rådsleiarar

Strandebarm sokn:

Olav Per Tombre,
olav@tombre.no

Vikøy sokn:

Ingvill Sørheim,
ingvill.sorheim@framnes.vgs.no

Øystese sokn:

Oddvar Ulltang,
oddvar@ulltang.net

Ålvik sokn:

Ragnhild Irene Nordheim,
ragnhild.nordheim@gmail.com

Kvam kyrkjelege fellesråd:

Olav Per Tombre,
olav@tombre.no

Organisasjonsnummer

Kvam kyrkjelege fellesråd:
976 995 082

Hjelp til å be

Eg vart for mange år sidan tilkalla til ein sjukeheim, fordi ein pasient ynskte hjelp til å be. I samtalen med henne spurde eg om ho nokon gong hadde bedt ei bøn. Ho drog på det og svara: "Eg har berre bedt Fadervår kvar kveld". Eg måtte seie til henne at då kunne ho i høgste grad å be. Ho bad jo jamleg den bønna Jesus sjølv har lært oss!

Å be med lånte ord er ikkje noko form for mindreverdige bøn. Aller minst når orda er lånte frå Jesus. I Bibelen finn vi at Jesus sjølv også kunne be med lånte ord, ikkje minst frå Salmane. Det skulle gje oss frimot og god grunn til å bruke desse bibelske bønene både i vårt personlege bønelyv og i fellesskapet.

Men også andre har formulert bønner som er gode å bruke når vi sjølv ikkje finn ord eller skal be i lag. Ja, desse lånte bønene kan også hjelpe oss til ei rikare bøn. Der perspektivet er høgare og vidare enn meg og mitt og det som straks melder seg i tanken når eg skal be.

Bedande til alle tider har såleis funne hjelp i overleverte og nedskrivne bønner, som spring ut av Bibelen, gudstenesta og truande sine røynsler med Gud. Nokre av desse bønene er samla i i Norsk bønnebok, som vi finn som ein del av Norsk salmebok. I innleiinga her står det:

Bøn fortruleg samtale mellom Gud og menneske. I bønna er vi i ei lyttande stille, i nærveret av det heilage. Det finst vegar inn i denne stilla. Og det finst tekstar som kan hjelpe oss å gå dei.

Å, Kristus, medan vi framleis leitar etter deg, har du alt funne oss. Same kor fattig vår bøn er, høyrer du oss betre enn vi kan tenkje oss eller tru.

Bibelens ord viser oss veg. Dei bibelske bønene gjev oss eit mønster å ha for auge og eit utgangspunkt for eiga bøn. I ei særstilling står Fader vår, bønna som Jesus sjølv lærte oss.

Einskilde bønner har ei spesiell form og inneber noko særskilt, det er velsigningane. Om vi sjølv ikkje synest vi kan be, kan vi ta imot velsigningar.

Roar Strømme

Sokneprest i Strandebarm sokn og Vikøy sokn



Somme bønetekstar, gamle og nye, har synt seg å vera spesielt slitesterke og gjevande. Desse bønene frå kyrkjeårven kan vere med på å gje oss visdom i bønna.

Etter denne innleiinga finn ein nærare fire hundre bønner; frå urkyrkja og fram til vår eiga samtid, for ulike situasjonar og tider. Mange av desse har eg sjølv finne hjelp i.

Men vi treng slett ikkje nytte ei så omfangsrik bønnebok. Mange av oss har lært kvelds- og bordbønner, eller salmar og songar, som vi kan nytte.

Dette er berre nokre døme på kvar vi kan finne gode ord til hjelp i bønna. Men lat oss ikkje gløyme sjølv grunnbønna, Fadervår. Herrens bøn er ei bøn som vi er visse på er etter Guds hjarte, og som vi kan få nytte oss av til alle tider og ved alle høve. Og så veit vi at Gud ser også det vi ikkje klarer å fange ord, og kjem oss til hjelp også i bønna med sin Ande. Ja, at Jesus sjølv ber for oss.

Å, Kristus, medan vi framleis leitar etter deg, har du alt funne oss.

Same kor fattig vår bøn er, høyrer du oss betre enn vi kan tenkje oss eller tru.

NYTT FRÅ KYRKJEVERJA

Kyrkjegardane

Vår og sumar er her, og mange besøkjer kyrkjegardane for å plante og sjå til gravene sine.

Nokre ting det er viktig å hugse på, på kyrkjegarden:

1. Me kjeldesorterer avfallet, og det er viktig at alle er med på den dugnaden!
2. Kyrkjegardane vert klipt ikring ein gong i veka. Me jobbar for å halde kyrkjegardane fine for deg som besøkjer kyrkjegarden.

Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland

Kyrkjeverje



3. Ser du ting på kyrkjegarden du reagerer på, ta kontakt med meg på e-post se934@kyrkja.no eller tlf 41400035.

God sumar!



Ni frå Nepal

På Musikalsk føremiddagstreff i mai i Øystese kyrkje fortalde Ragnhild og Tore Skeie (biletet) om ni menneske frå Nepal som dei kjenner gjennom arbeidet som misjonærar for Himal-partner. (Foto: LAV).



HELENA NEL SOLBERG:

From Africa with love

Dei gode stundene ho er van med på julaftan frå heimlandet, der folk etter gudstenesta stoggar att utanfor kyrkja, helsar og pratar, i den varme kvelden, dei er no bytt ut med ein folketom parkeringsplass i Ålvik, i mørke og snøbyger. Då lengtar Helena heim att til Sør-Afrika.

Dette fortel vår tildlegare organist Helena Nel Solberg til vår noverande Margrete Lid Kjosås i dette intervjuet.

-Nei, dette går ikkje lenger! No er eg sint!

Den unge, ny-utdanna læraren og musikaren Helena Nel, tilsett ved gymnaset i Cape Town og seinare i Durban, Sør-Afrika, har unge piano-elevar som har vunne høgaste eksamens-grad, og dette skal feirast i rådhuset i byen, med stor festivitas. Men - dei forventningsfulle elevane til Helena, jenter i 10-12års-alder, får ikkje koma inn i rådhus-salen, dei vert viste opp på galleriet. Fordi dei er indiske.

Helena er sint og frustrert over apartheid-regimet, som rår i Sør-Afrika i slutten av 1950-åra.

Ei stor avgjerd

Helena høyrer til dei kvite, dei privilegerte. Men ho kan ikkje akseptera denne systematiske uretten som rammar både afrikanarar, kinsararar og andre personar med litt mørkare hudfarge.

Difor veks det fram i henne ei stor avgjerd: I dette landet ville ho ikkje bu.

Helena er oppvaksen i Cape Town. Etter endt studietid flyttar ho til Durban, og her møter ho norske Olaf Solberg, misjonærbarn frå Noreg, som har budd store deler av sitt unge liv i Sør-Afrika. Dei giftar seg, og får to born. Men dei ynskjer ikkje at borna skal veksa opp i dette regimet som behandlar folk så ulikt og urettferdig. Dermed planlegg ekteparet Solberg å flytta - til Noreg.

-Me hadde eit nydeleg hus i Durban, seier Helena med eit visst vemod. Likevel pakkar dei ned alt dei eig, og får, som einaste passasjerar, båtskyss med eit skip som fraktar kol til Danmark. Etter 4 veker seilas når dei norske-kysten.

Til Strandebarm

Helena har fått stilling som organist i Kvam, med Strandebarm som tenes-



Helena Nel Solberg er takksam for gode dagar som pensjonist i Tørvikbygd.

te-stad. Ho har vore der på besøk i mai same året, sett på landet, møtt nokre nordmenn. Ho kjenner sokneprest Kørner, det var han som hadde tipsa om ledig jobb i Kvam.

Men då familien Solberg stig av toget i Bergen ein av dei siste dagane i november 1982, er det lite maisol over livet.

Olaf har nettopp fått melding om at huset dei skulle bu i, i Strandebarm, ikkje er ledig likevel. Der står Helena og Olaf, med sine to born, utan møblar, som framleis er undervegs, og utan hus. Frå Afrika sine varme vindar til kulde og mørketid i eit framandt land.

Etter nokre veker i prestegarden får dei leiga eit gammalt hus på Oma. Framleis utan møblar, søv dei på madrasser, med minusgrader både inne og ute.

Ikkje frihelg

Borna, som snakkar engelsk, byrjar straks på skulen, i 6. og 8.klasse. Helena startar som organist i Kvam 1. desember 1882. I Durban hadde ho også arbeidd som organist, utan løn det første året, sjølv om ho spelte kvar sundag.

I Kvam får ho løn, men ikkje frihelgar, der heller. Helena fortel at dei første åra her hadde ho berre 4 veker sommarferie,

og elles ikkje ei einaste frihelg i løpet av året. Først då det vart tilsett kyrkjevevje, i 1986, vart det endringar. Ingvard Teigland rydda opp, og Helena fekk fri 4 helgar i året. Det var ofte gravferder om laurdagane også, og på måndagar, organisten sin fridag, hadde ho musikkule-elevar. Strandebarm Songlag var ho dirigent for i 8 år.

Første jula

Helena hugsar godt «den første jul i eit framandt land.» Ho skulle spela på gudsteneste i Ålvik kyrkje, julafta 1982.

Då ho vitja Strandebarm i mai same året, hadde ho merkt seg naturen. -Men eg såg ikkje på vegane! seier ho. Dei var smale og uoversiktlege. Ho vitja ikkje Norheimsund før ho kom, og Ålvik hadde ho aldri høyrte om.

Helena har kjøpt seg bil. Den kjem vesle-julafta, men å leggja ut på smale og glatte vegar for ei som berre kan venstre-køyring og venstre-gir, det vert i overkant risikabelt. Ho spør forsiktig om ein av dei organistane som skal spela i Vikøy eller Øystese på julafta, kan byta med henne. Men nei.

Dermed hyrer Per Kørner Sverre Bru, drosjesjåfør i Strandebarm, til å køy-

ra både henne og familien den lange vegen frå Oma til Ålvik kyrkje.

Etter gudstenesta gler ho seg til å helse på folk, men då ho har pakka notane og kjem ut, har alle gått heim. Berre hennar eigen familie står att, og trufaste Sverre Bru, som ventar. Dei gode stundene ho er van med frå heimlandet, der folk etter gudstenesta stoggar att utanfor kyrkja, helsar og pratar, i den varme kvelden, dei er no bytt ut med ein folketom parkeringsplass i Ålvik, i mørke og snøbyger. Då lengtar Helena heim att til Sør-Afrika.

Angrar ikkje

-Eg angrar ikkje på at eg flytta til Noreg!

Helena er fast i si overtiding. Sjølv om det har vore utfordringar undervegs som kunne teke motet frå nokon kvar, har ho kjent at dette var rett val for henne og familien. Visst tok det tid å koma inn i arbeidet, i bygdekulturen, i språket, i køyringa, i alt. Men ho har klart det, og i dag kjenner ho på mykje takksemnd. Den første tida, då vanskane tårna seg opp, møtte ho eit venleg menneske som gav henne det rådet å sjå framover. Det valde ho å gjera, og det har hjelpt henne, seier ho.

Glede over gudsteneste

Helena har hatt ei stor glede i å spela til gudsteneste.

I Cape Town, der ho vaks opp, fylgde ho som barn foreldra til gudsteneste kvar sundag, ofte både føremiddag og kveld. Å få spela til messa sjølv, har vore ein rikdom, seier ho. Den norske liturgien er ikkje så ulik den dei nytta i heimbyen si lutherske kyrkje. Salmane kunne ho, og

dei ho ikkje kunne, var enkle å læra. Men nynorsk hadde ho aldri høyrte om. Då det på salmeseddelen frå presten, første jula, stod «Fager er jordi», vart ho usikker. Ho fann ikkje salmen i noko koralbok. Etter mykje leiting og stigande panikk, ringde ho prestefrua i Ålvik, som kunne roa henne ned med å fortelja at det var same salmen som «Deilig er jorden.»

For King and Country

Den første tida som organist i Kvam saknar Helena kontakt med andre organistar i Kvam. Det var ikkje ein organisert stab den gongen, aldri stabsmøte, ho møter berre prestane kvar gong det er gudsteneste eller gravferd, og salmane får ho på ein lapp, eller opplese i telefonen. Men ho går til arbeidet med stort driv, -for King and Country, som ho seier. Ho hugsar at i 1999 var det 16 gudstenester frå 1. til 25. desember -for kvar av dei to organistane. Skular, barnehagar, messene stod i kø. 32 gudstenester til saman. I tillegg kom diverse julefestar, konsertar og andre arrangement som det var forventa at organisten stilte opp på for å spela.

Takk for teneste

Etter 20 år fekk Helena velfortent takk for trufast teneste som organist i Kvam. No bur ho i Tørvikbygd, og er takksam for livet. Ho har gode dagar, med utsikt over fjord og fonn, med gode naboar og ikkje minst med daglege stunder på facebook og facetime. Kontakten med vener og familie, både i Sør-Afrika og andre stader i verda, er framleis levande, og ho gled seg over desse banda, spesielt dette koro-



Helena Nel Solberg har vakker utsikt over fjorden og fjella frå stoveglaset sitt.

na-året, som har vore så fattigt på fysiske møte og impulsar frå andre.

Takkar Gud

I 2014 var ho i Durban på vitjing. Ho trur ikkje ho kjem dit meir. Men framleis kan ho undra seg over den vendinga som heimlandet hennar tok. -Eg hadde aldri trudd at dei svarte ville få stemmerett, seier ho. Og langt mindre at dei skulle få ein farga president! Det er mykje å takka Gud for.

Tekst og foto:

Organist Margrete Lid Kjosås

FRÅ PRESTEN SIN PENN

Kyrkje etter korona

Kva vil skje med kyrkjelydane når koronaepidemiden er over? Vil me verta det me ein gong var? Eller vil me syngja med Orheim «Når eg med Jesus åleine er» framfor kvar vår skjerm i kvart vårt hus?

Spørsmåla er mange etter år med korona. Vil me eigentleg attende til der me var?

For meg har det vore klargjerande å sjå til politietaten. Den såkalla nærpolitireforma hadde og i seg å vera nær der folk er. Og sidan folk er på nettet, i digitale fellesskap og på digitale plattformer, er politiet sterkt inne der.

At Den norske kyrkja i Kvam er sterkt digitalt inne, er å overdriva. Men me har

byrja i ein ende, med å produsera digitale gudstenester og søndagshelsingar, quiz-ar og oppdateringar. Me er på Facebook, me er på Instagram, og me kan bere verta betre.

Konfirmantlærarane har teke i bruk digitale verktøy i opplegget sitt.

Er du tunghøyrd eller har problem med harde kyrkjebenkar, kan det vera vel så godt å høyra heime i godstolen!

Sidan eg er sokneprest i Øystese kyrkjelyd, der framleis lyskastarane heng i taket etter overføringane i sist hundreår, tenkjer eg heile tida at når dei fekk dette til, då, så må me og få det til no. Så vanskeleg kan det ikkje vera!

Lars Arne Vik

Sokneprest



Og noko vil me fortsetja med, om no alle vert vaksinerte og pandemien nedkjempa. For ikkje alle har høve å koma fysisk til kyrkjebygga våre.

Men så gler me oss til å syngja av full hals saman med andre songfuglar i ei full kyrkje, av tilbedande menneske som samlar seg i Herrens hus for å tilbe og lovsyngja han!

Fram til det får me nynna med det nebbet me har i kvart vårt hus!

Audun Storaas (1922-2021)

Kyrkjeblad for Kvam har spurt Haldis Totland Reigstad om løyve til å trykka diktet hennar
Til minne om Audun Storaas som ho las i gravferda Audun Storaas.

Haldis Totland Reigstad skriv om diktet:

”Tankane gjekk til vår gode ven, Audun Storaas. Eg sat på bussen frå Bergen til Norheimsund den 26 mars, på veg til gravferda hans. Frå den dagen eg fekk høyra at Audun var flytta heim til Jesus, strøymde gode, rike minne fram. I ti år var han fastlegen vår i Samnanger, og etter kvart vart det knytt sterke venskapsband med heile familien. Bibelgruppe, song og musikk, turar i skog og fjell, og rike feststunder i heimane våre. Alt dette vart for meg som eit fargerikt maleri inne i minnekransen min.

Audun var kunstnar, de som kjenner han veit alt om det. Eg er så privilegert at eg har fleire av kunstverka hans på vegen, talande og sterke bilete. Men der eg sat i Norheimsund kyrkje denne fredagen, lyste altartavla mot meg. Den oppstadne Frelsaren vår, med utrekke hender mot oss alle. Eit storslått kunstverk, signert: Audun Storaas.”



På biletet ser me Haldis Totland Reigstad og Audun Storaas i Norheimsund kyrkje i gravferda til Margit Ann Storaas, kona til Audun Storaas, i 2020.

Til minne om Audun Storaas

*Du levde livet, du var ei bauta,
Du viste veg for oss andre du.
Ditt varme smil og din lune humor:
Du gav oss håp med di trygge tru.*

*Du gjekk så ofte den andre mila
med dei som strevde med livet sitt.
Du viste omsorg, du tørka tårer,
du tente han som er livet ditt.*

*Det lyser mot oss ei altartavle,
der Herrens herlegdom strålar fram.
Det brann ein eld i ditt kunstnarhjarte:
Du malte Kristus, Guds offerlam.*

*No er du framme, no kan du jubla
med alle dei som alt heime er.
Det blømer blomar i dine fotspor,
du var ein ange frå himlen her.*

*Vi lever midt i Guds påskemorgon,
vi jubler framfor den tomme grav.
Du lever livet i lag med Jesus,
med han som livet for alle gav.*

Haldis Totland Reigstad

Hans Nielsen Hauge (1771-1824)

Hauge, Moe & Neteland

I år er det dobbeltjubileum for Hauge. 250 år siden han ble født, 225 år siden hans skjebnesvangre opplevelse på marken. Det er verdt en markering! Samtidig må vi huske at Hauge, i likhet med både lensmann Moe og undertegnede, bare er et ekko i den lange rekken av mennesker som har erfart den levende Gud, skriver Thomas Neteland i denne artikkelen.

5. april 1796. Bondesønnen fra Tune Gård har funnet veien hjem til garden etter en lengre tid i limbo mellom sin kristne oppvekst og den fristende sekulære livsstilen som barndomsvennene etter hvert hadde omfavnet. I et svakt øyeblikk hadde også han drukket seg full og opplevde dermed å bli satt på valg av sin egen samvittighet. Knepent overbevist gav han Gud en ny sjanse.

Bønn, religiøs lesning og åndelig ettertanke foregikk nå vekselvis med arbeid på foreldrenes gård. Og det var nettopp her, midt ute på marken, at Gud skulle avbryte arbeidskarens enkle salmesang med et kor fra himmelen som gjennomstrålte hele hans personlighet. Det var som om

“(…) min Sjæl følte noget Overnaturligt, Guddommeligt og Saligt; at det var en Herlighed, som ingen Tunge kan udsige.” (Religiøse Følelser, 1817).

Det er klart det blir stjerneskudd av slike startskudd! Og noen vil argumentere for at det knapt finnes viktigere skikkelser i norsk historie enn den vi møter i entreprenøren, kjøpmannen, investoren, skipsrederen, industriherren, forfatteren, folkeopplyseren, predikanten, opposisjonslederen og reformatoren Hans Nielsen Hauge.

Sydd i stramei

Hjemme hos mine besteforeldre henger et mektig portrett av en annen staselig kar. «Lensmannen» står det på bildet (men jeg kjenner han best som bror til min bestefars tipp-tipp-tippoldefar). Bildet er sydd i stramei, av bestefar selv, etter et originalportrett tegnet av selveste Tidemand.

Tidemand hadde blitt fascinert av og etterhvert blitt en god venn med lensmannen Baard O. Moe fra Vikøy. Moe var en ivrig, troende tilhenger av Hauges idéer og benyttet anledninger i både tide og utide til å forkynne det glade budskap for dem som gjerne ville høre på. Vi har all



Thomas Neteland (27) bur i Sandnes, arbeider som pastor og bibelskulelærer ved Sentrumkirken og bibelskolen LINK og er dotterson av Gerd og Bjarne Neteland, Norheimsund. Bilete i stramai av haugianar høvdingen Baard O. Moe har Bjarne Neteland brodert.

grunn til å tro at også lensmann Moe hadde fått et møte med Gud.

Giskehallen

19. mai 2007. «Dette kan være den dagen du tar imot Jesus og blir født på ny.» Hele Norges pinsebiskop, Egil Svartdahl, har entret scenen i Giskehallen i Sandnes foran hundrevis av fremmøtte, de fleste ungdommer. Det er hundreårsjubileum for pinsevekkelsen i Norge og Egil forteller fra egen ungdomstid og dagen han ble fylt med Den hellige ånd. Nå inviterer Egil ungdommer som ønsker å få den samme erfaringen om å komme frem. Det strømmer ungdommer ut fra benkeradene og frem mot scenen, jeg var én av dem.

Jeg husker ikke den dagen jeg ble frelst, men jeg kommer aldri til å glemme den dagen jeg fikk et møte med Den hellige ånd. Overnaturlig, guddommelig og

salig er superlativer jeg også kunne brukt uten sammenligning med Hauge forøvrig. Likefullt gikk jeg hjem den kvelden overbevist om at jeg ville bruke resten av mitt liv i tjeneste for Gud.

I år er det dobbeltjubileum for Hauge. 250 år siden han ble født, 225 år siden hans skjebnesvangre opplevelse på marken. Det er verdt en markering! Samtidig må vi huske at Hauge, i likhet med både lensmann Moe og undertegnede, bare er et ekko i den lange rekken av mennesker som har erfart den levende Gud.

Når vi nå går inn i pinse kan vi gjerne la oss inspirere av Hauge. Men viktigere enn å feire det som ligger bak er det å ha forventning til det som ligger foran. Gud er ikke ferdig, og kraften fra pinsedag er fortsatt tilgjengelig for og i den som tror. Hvem vet. Kanskje er dette dagen du får et møte med Gud som forandrer alt?

Thomas Neteland

Voss og Hardangers Prestehistorie

Ove-Kjell Sakseid

Fast spaltist i
Prestar i Kvam

I si tid gav presten Gjert Henriksen Milzow (1629-1688) ut ei lita bok: *Voss og Hardangers Prestehistorie i 1679*, skriv Ove Kjell Sakseid i denne artikkelen, som er den første i ein serie med prestar i kvam i Kyrkjeblad for Kvam.

Gjert Henriksen Milzow var prest på Voss. Milzow-slekta er velkjent der, og det er utarbeidd eigen oversikt over ætta. Faren var prest. Svigerfaren var biskop Jens Pedersen Schjelderup i Bergen. Sjølv vart han fødd 16. februar 1629.

Då han overtok prestekallet på Voss etter faren, fekk han også prostetittelen for Hardanger og Voss med. Gjert var velstudert. Han var rik, og han samla på gamle skrifter og dokument.

Grunnen til at eg presenterer Gjert prest her, er at han i si tid gav ut ei lita bok: *Voss og Hardangers Prestehistorie i 1679*. Den utgåva eg sit med, er trykt i 1972, og er eit opptrykk etter opptrykket «Hardanger Folkeblad»s trykkeri gav ut i 1911. Denne utgåva av boka er «oversat og forsynet med Anmerkninger samt en Skildring af Forfatteren av O. Olafsen».


Sjølv om mange kjenner namnet, er det på sin plass å nemna at O. Olafsen er forfattar av den gamle «Kvammaboka». Han var prest i Ullensvang og svært interessert i historie.

Gjert Milzow fortalde at boka hans var utarbeida «*efter mange gamle, her og der med Flid opsøgte og undersøgte Monumenter, Skindbreve, Papirer, Dokumenter, Regnskabsbøger og Haandskrifter, alt eftersom de kan haves*».

O. Olafsen er ikkje imponert over arbeidet i boka, og viser i den samanheng til forklaringa Gjert Milzow har på namna på kyrkjelokner, og særleg Voss: «*Vi ser her en Prøve paa Forfatterens Maade at forklare og aflede Ord og Navne paa. Det hele er meningsløst og vidner om, at Datiden ikke formaade at løse denne Opgave.*»

Sira som yrkestittel

For Vikøy sitt vedkomande nemner Gjert Milzow fem prestar som verka her før reformasjonen. I den tida fekk prestane «Sira» som ein yrkestittel, med førenam-



Voss og Hardangers Prestehistorie i 1679 vart trykt opp att i 1972, og er eit opptrykk etter opptrykket «Hardanger Folkeblad»s trykkeri gav ut i 1911. Denne utgåva av boka er «oversat og forsynet med Anmerkninger samt en Skildring af Forfatteren av O. Olafsen».

na etter uttrykket. Randolfr er nemnd i 1223, Nikulas i 1234 (retta til 1322 og 1334 av Olafsen), Halvardr i 1329, Hallstein i 1338, og viking (Vittkind) Ivarson i 1440.

Olafsen vil ha med Sira Ragnvald også utan at han gir opp årstal han skulle opphalda seg i Vikøy.

For Øystese sitt vedkomande, brukar Milzow spalteplass og forklarar saga om to steinar: «*Paa Kirkegaarden ligger paa den mod Nord vendende Del 2 gamle Ligstene af den same ikke meget haarde Materie, af en blandet d.e. graablaa Farve og af same Skikkelse, nemlig noget ophøiede paa Midten i Lighed med Laaget paa en Ligkiste som Taget paa et lidet Hus*».

Innskifta på den første tolka Milzow til «*her hviler Torstein Sverkeson. Hans Aartid mellem Andreas Messe*». Den andre tolka

Milzow til «*Her hviler Kasper Kalfson. Hans Aartid er ved Georgi Messe*».

Prestane som er nemnde før reformasjonen, er Fjallar i 1222 (retta til 1322 av Olafsen), Jon Sveinson (som vart flytta 1328), Erlendr i 1339.

Etter reformasjonen hadde Vikøy og Øystese felles prestar med Vikøy som hovudsokn. No kan me merka oss at Sira-tittelen er borte. No har prestane fått Hr framfor namna.

Laurentius (Lars), Mikkil Nilsen, Johannes Galtung, Peder Nilsen Foss, Henrik Johannessen, Bjørn Koch, Mons Abelsen, Samuel Eliasson, Henrik Graff og Jakob.

Så skal me prøva å presentere fleire av prestane i vårt område i Kyrkjebladet framover.

DETTE BRENNER JEG FOR

En bedre fremtid for verdens jenter

For de mange jentene som blir møtt med skuffede blikk når de kommer til verden, for de mange fattige som ikke vet hvordan de skal få endene til å møtes og for de andre som faller utenfor, trengs det at vi bygger en bedre framtid, skriver Marianne Næss Norheim

Tenk om hele familien din var skuffet over at det var du som var født, fordi du var en jente. Jeg er selv mor til tre barn, og har kjent på gleden av å både få en jente og to gutter. Det å bli mor første gang synes jeg var fantastisk stort og veldig slitsomt, men jeg var aldri i tvil om at jenta vi fikk var en fantastisk gave til oss.

Jeg har jobbet mye med Nepal siden 2004, dette fjellandet som ligger i Himalaya, klemt mellom gigantene India og Kina. I Nepal mener mange at en kvinne er mer verdifull om hun føder en sønn, og mannen og hele svigerfamilien forventer en sønn. Da er det ikke så enkelt å være ung mor for første gang og få en jente. Du blir mer overlatt til deg selv og får ikke like mye hjelp som hvis du hadde fått en gutt. Du selv og alle rundt deg er skuffet.

Jeg synes det er utrolig trist at for mange jenter i den delen av verden starter livet sånn, at du er en skuffelse. Og videre fortsetter ofte diskrimineringen av jentebarna, de får mindre mat, terskelen er høyere for å søke helsehjelp til en syk jente, de får ikke samme tilgang til utdanning.

Jeg følger opp et prosjekt i United Mission to Nepal som jobber med denne problemstillingen i Nepal: at jenter skal bli likt verdsatt som gutter i en familie, at de skal ha samme muligheter til å gå på skole, at kvinner skal bli lyttet til og at kjønnsbasert vold skal ta slutt.

Jesus hadde et spesielt blikk for de som falt utenfor i samfunnet, han så dem og han hjalp dem, både den rike ensomme Sakkeus, den blinde tiggeren Bartimeus, og kvinnen som hadde hatt blødninger i tolv år. Kirken har et ord for å fortsette å gjøre som Jesus: diakoni. Den norske kirke har definert diakoni som «kirkens omsorgstjeneste», og at «Den er evangeliet i handling og uttrykkes gjennom nestekjærlighet, inkluderende fellesskap, vern om skaperverket og kamp for rettferdighet». Det å hjelpe de som faller utenfor og hjelpe dem inn i fellesskap igjen, det brenner jeg for!



På bildet ser vi Marianne Næss Norheim og mannen Gunnstein Norheim, som er fra Øystese, i Nepal, i 2009, landet Marianne arbeider med gjennom jobben som misjons- og prosjektrådgiver i Normisjon ved hovedkontoret i Oslo.

I min daglige jobb i Normisjon, følger jeg blant annet opp arbeid i Nepal. Nå rammes Nepal hardt av Covid-19, mange har fått med seg hvordan India har hatt overfylte sykehus og mangel på oksygen. Den samme bølgen har nå truffet Nepal, smittetallene stiger når denne teksten skrives. Det får forferdelige konsekvenser både for de som rammes av sykdommen og av restriksjonene, som myndighetene nå har iverksatt for å prøve å stoppe smitten.

Tilbake sitter mange som sliter med å mette familien sin, det er utrolig mange som ikke har noen oppsparte midler, og som dermed er avhengig av å tjene sitt brød daglig, ved å selge noe på markeder eller å ta dagjobb hos noen. Disse som er de fattigste i utgangspunktet, blir enda fattigere. I tillegg er det mange av de som har kommet ut av fattigdom de siste årene, som nå faller tilbake i stor fattigdom.

Covid-19 har rammet hele verden, og i Norge har vi solidarisk kjempet mot viruset. Vi har stengt ned og beskyttet våre mest sårbare i møte med denne sykdommen, og i Norge har vi klart det ganske bra. I mange år framover trengs det at vi solidarisk bygger en bedre framtid for alle på jorda vår. For de mange jentene som blir møtt med skuffede blikk når de kommer til verden, for de mange fattige som ikke vet hvordan de skal få endene til å møtes og for de andre som faller utenfor, trengs det at vi bygger en bedre framtid.

Vi som kirke trengs for å fortsette Jesu handlinger i verden: vi må se og hjelpe de som faller utenfor. I kirken der vi går i Oslo, sier vi sammen etter nattverden: Hjelp oss å høre det rop du har hørt, å se den nød du har sett, og å elske vår neste som oss selv.

Marianne Næss Norheim

Hugs nettsidene våre:

www.kyrkja.no/kvam



Den norske kyrkja i Kvam

Ulike kyrkesamfunn i Kvam

Kvam herad betalar ut tilskot til ulike kyrkesamfunn, alt etter kor mange medlemmer som bur i Kvam. Nokre av desse kyrkesamfunna har regelmessige samlingar i ulike kyrkje- og forsamlingsbygg hjå

oss. Innimellom har me såkalla økumeniske gudstenester. Her kan me berre verta flinkare!

Me har utfordra ein representant frå Den katolske kyrkja, som desidert er størst, ein frå Det evangelisk

lutherske kirkesamfunn (DELK) og ein frå Hardangernettverket som er tilslutta pinsekyrkjelyden SALT i Bergen til å skriva til kyrkjebladet.

Den katolske kyrkja i Kvam

Eg heiter Joanna Nowogrodzka. Eg kjem fra Polen og har budd på Oma i tolv år. Eg er gift, 42 år, og eg har to barn. I 2009 flytta eg til Norge med barna. Manner min har jobba på Fjellstrand verftet på Oma siden 2007. No for tida bur dottera mi i Bergen, og sonen min går på Strandebarm skule. På grunn av ei ulukke er mannen min uføretrygda. Eg har jobba på fleire stader, men no jobber eg på Europris Norheimsund.

Nærmaste katolske kyrkje er i Bergen. Den koblar saman fleire nasjonalitetar og til trass i stor avstand prøver eg å ta del i det kristne fellesskapet der.

Med initiativ fra fader Lukasz Gruchala som utførte si tjeneste i Bergen, byrja me våren 2012 å ha messer på polsk i Norheimsund. Først var vi få og møta fann stad privat. Med tida har gruppa auka, og frå jula 2012 har me hatt regelmessige

messer i Norheimsund kyrke. Vi møtest annakvar laurdag i måneden kl 17.00. Det er og mogeleg å ha ei katekese for unge før fyrste kommunion og konfirmasjon.

Det er oftast polakkar som kjem til messe, men og folk fra andre nasjonalitetar møter opp, t d frå Ukraina og Kenya. Viss me veit på førehand om folk fra andre nasjonalitetar, er det mogleg å ha delar av lesningane og på norsk.

Talet på deltakarar varierer, sidan nokon reiser til Polen. Nye folk er alltid velkommen til å vera med på messe. På grunn av koronaviruset kan vi dessverre ikke ha kaffi etter messe, eller ha katekese for yngre barn.

Informasjon om messene kan du finna på kyrkjelyden si nettside, www.bergen-pol.com, og på Facebook, der eg leier ei gruppe @Wspólnota katolicka w Kvam.

Joanna Nowogrodzka



Joanna Nowogrodzka kjem frå Polen, bur i Kvam og leier Facebook-gruppa til katolske katolikkar i Kvam.

DELK Hardanger kyrkjelyd

Sidan 2016 har Det evangelisk-lutherske kyrkesamfunn (DELK) arrangert månadlege gudstenester i Tørvikbygd Bedehus. Bakgrunnen er dels at den norske kyrkja ikkje lenger hadde høve til å halda dei månadlege gudstenestene i Tørvikbygd Bedehus, dels at me har vore nokre DELK-medlemar i Kvam dei siste åra. Me tok kontakt med Jan Bygstad i DELK-kyrkjelyden i Bergen og spurde om DELK kunne halda gudstenester i Tørvikbygd, noko dei var positive til. Kyrkjelyden vår er framleis knytt til kyrkjelyden i Bergen og underlagd eldsterådet der som har det åndelege ansvaret, men er i ein prosess for å verta ein sjølvstendig kyrkjelyd.

DELK er eit frikyrkesamfunn som fylter 150 år til neste år og har 3.300 medlemmar, med hovudvekt av forsamlingar i Oslo og Vestfold og Telemark. Dei siste åra har det vorte etablert kyrkjelydar

fleire stader i landet. DELK driv kristne grunnskular i tilknytning til ein del kyrkjelydar og har nokre misjonærar i utlandet. Kyrkjelydane lønar prestar anten åleine eller saman med ein nabokyrkjelyd.

DELK har det same vedkjenningsgrunnlaget som den norske kyrkja, og ei gudsteneste vil ikkje opplevast så veldig annleis enn ei gudsteneste i den norske kyrkja. Me kan vera 30-80 personar på ei gudsteneste, kyrkjegjengarane er 0-80 år og kjem frå store delar av kommunen. Alle er velkomne på gudstenester, anten ein er medlem i DELK eller ikkje.

Eg vil helse med Salme 139, 16: *Dine augo såg meg då eg berre var eit foster. I di bok var dei skrivne opp, alle dei dagane som vart fastsette då ikkje ein av dei var komen. Det er trygt å vita at me er i Guds hand både i dei gode og dei vonde dagane.*

Kristin Vistvik



Kristin Vistvik er medlem av Det evangeliske-lutherske kirkesamfunn (DELK) som har gudstenester i Tørvikbygd bedehus med jamne mellomrom.

Hardangernettverket

Når eg les Bibelen, går eg på oppdagingsferd. Har du vore stifinnar i speidaren, eller pløygd ei ny løype på ski? Hugsar du kor kjekt og spennande det er å gå først og staka ut vegen?

På dagens tur i Romarane, kapittel sju, gjer eg to oppdagingar:

Oppdaging nr 1:

Sjølverkjenning om kampen mellom det gode og det vonde i mennesket. Ein kamp som har funnest frå tidenes morgon. Vårt indre menneske seier med glede JA til Guds lov, men i lemmene (kroppen vår) kan me sjå ei anna lov. Ho ligg i strid med lova som er i vårt sinn: Me VIL gjera det gode, men gjer det vonde. Me HAR VILJE, men maktar ikkje fullføra. Synda skildrast som noko som bur i oss og gjer ting «av seg sjølv». Altså er ho opphav til kamp, strev og utfordring. Me skjønar ikkje kva me sjølv gjer (v 15). Det er ikkje råd å forstå, heller eit faktum me treng akseptera. Når eg aksepterer det, fører det meg over i posisjon til å ta imot nytt liv frå Gud. På hans veg lærer eg dag for dag. (Eg er jo ein læresvein, så klart eg må læra noko!) Det fører meg over til:

Oppdaging nr 2:

Me høyrer Kristus til, han som stod opp frå ei døde, FOR AT me skal bera frukt for Gud (v4). Me har døydd frå det som heldt oss bundne. Difor TENER me Gud i EIT NYTT LIV I ANDEN (v6).



Anne Laupsa Bjelland frå Hardangernettverket, tilslutta pinsekyrkjelyden SALT Bergen, har skriva ei helsing til kyrkjebladet. Nettverket samlar seg på Kvam ungdomsskule, sjekk @Hardangernettverket for dato og tid for samlingar. Foto: Nina Elisabeth Augestad.

No vert eg begeistra! Tenk at det er sant! Så spennande det er å gå på Guds veg! Lurer på kva frukt me skal få lov å bera?

Spørsmål:

- 1) Korleis ser eg på livet mitt i dag?
- 2) Skal eg justera meg i tanken slik at Gud slepper til? (Eller går eg og gneg på meg sjølv og vert motlaus? – her foreslo autoriserte «motlys» - ikkje så dum den heller sidan det står i Bibelen at Jesus er

Dei ulike kyrkjesamfunna i Kvam i tal

Desse kristne kyrkjesamfunna fekk utbetaling frå Kvam herad i 2020 ut frå kor mange medlemmer som bur i Kvam. I tabellen er t d alle ortodokse kyrkje samla. Lista er alfabetisk.

Baptistkyrkjelydar	5
Bergen International Ministries	2
Credokirken	8
Den evangelisk lutherske frikirke	10
DELK	19
Den islandske evangelisk-lutherske menighet	12
Fellesskapskyrkja Sandane	1
IMF trussamfunn	4
Katolske kyrkjelydar	186
Metodistkirken	6
NLM trussamfunn	6
Ortodokse kyrkjelydar	18
Pinsekyrkjelydar	18
Svenska kyrkan i Norge	7
Syvendedags adventistkirken	1
The Anglican Chaplaincy in Norway	1

lyset for menneska)

- 3) Har eg gripe tak i at Gud finst, at han gir meg liv og virkar i meg med si kraft?

Håpar du likte deg på oppdagingsferd i Guds ord saman med meg! Guds fred over ditt liv!

Anne Laupsa Bjelland

Fred ved fontena

Mange finn glede i kyrkjeparken ved Norheimsund kyrkje. På biletet ser me ein av dei tilsette og eit av barna i Norheimsund barnehage som har funne roen ut på ettermiddagen (LAV).



Odveig Klyve

Treng me å ha det stilt i liva våre?

For nokre år sidan las eg eit intervju i Stavanger Aftenblad. Det er ikkje ei avis eg ofte ser i, men det var eit intervju med kvemmingen Odveig Klyve som fanga merksemda mi, og ho sa mellom anna at ho trudde poesi var ein måte å utvide stillheten i folk sine liv. Det er ei setning som eg har tenkt mykje på i ettertid. Den eine setninga har dessutan ført til at eg har lese mange av bøkene hennar.

Og ja, me treng både poesi og stille i livet. Ho har rett. Noko av det beste livet har å by på, kan du få gratis. Her kjem oppskrifta: Sit deg ned ilag med nokon du likar. Les eit dikt av Odveig ilag. Snakk om det etterpå. Så enkelt er det

Odveig Klyve (fødd 29. januar 1954) er oppvaksen inne i Klyve, men har budd i Stavanger i mange år. Ho har ei breid utdanning som femner frå sosialhøgskule, dramatkarutdanning, kreativ skrivning, film og massemedia. I 1993 debuterte ho som forfattar. Då kom diktsamlinga *Rift* ut. Etter det har det kome mange bøker. Både barnebøker, poesi for vaksne, ein roman og mange gjendiktingar. Bøkene hennar er oversett til ei mengd språk og ho har hatt både manus og regi på mange kortfilm. Mange store musikarar og komponistar har fått gleda av å samarbeida med Odveig.



Ho skriv godt og tema i bøkene hennar femner vidt. Det er ei styrke at ho kan treffa både dei som vil lese om fotball og dei som vil lese om naturvern med bøkene sine. Ei bok som me vil trekka spesielt fram frå forfatterskapen hennar er dikt-boka *Det andre blikket*. Her får du hennar eiga skildring av ei gammal mors reise inn i drøymeland, med kjenslene til både mor og dotter. Kvart dikt står på eigne bein og kan lesast sjølvstendig, men om du les heile boka, får du ei nydeleg og var historie som grip tak i deg.

Klyve har motteke eit stort antal utnemningar, prisar og stipend. Det er moro å dra fram at ho var Littlarmlryikar under bygdalarm i 2011.

Kvam bibliotek

Frå

Det andre blikket

Dagane har skrive seg inn
i ansiktet ditt
med hemmelege teikn
Eg stavar dei rynke for rynke
medan du sakte formar
sirklar i fanget
med knokete fingrar

Eg trykkjer på heisknappen
Dørene glir opp til
den innestengde lufta av nykocht kaffi
og urin

Du sit i ein stol med gummi hjul
og ansiktet ditt lyser når du
ser meg
Er det deg
seier du

Og eg ser at du leitar
etter namnet mitt
at du kjenner meg
men namnet er borte
Du lyser i glede
der du sit
med restar av egg på haka

Utdrag frå diktsamlinga *Det andre blikket* av Odveig Klyve. Cappelen Damm 2006.

Glimt frå Ålvik sokn si årsmelding

Frå soknerådet i Ålvik si årsmelding saksar me dette:

«Koronaåret 2020 har vært eit annleis år. Mange restriksjonar på om det kunne vere gudstenester, og kor mange som kunne delta dei gongane det var lov. Heldigvis har kyrkja også tenkt digitalt og alternativt med utandørs påskevandring og digitale gudstenester. Ålvik sokneråd har også skaffa seg vipps. Ålvik sokneråd ynskjer å fortsette den gode satsinga med mål om auka deltaking på dei vanlege sundagsgudsteneane. Me ynskjer å vidareføre strikketreff i kyrkja, og tilbodet om kyrkjeskys vil bestå. Me har gjennomført nokre tiltak inne i kyrkjebygget og sakristiet for å stette krava til universell utforming og auke funksjonaliteta av bygget

både i forhold til trusopplæringstiltak og anna arbeid, som til dømes ein rullestolrampe og nye taklys i sakristiet.

Som et ledd i betre marknadsføring av når det skjer noko i kyrkja i Ålvik annonserast alle gudstenester og andre tilskipingar både på facebookside til «Ålvik kyrkjelyd» og «Aktuelt i Ålvik», i tillegg til oppslag rundt omkring i bygda. Grunna koronapandemien er det vanskeleg å seie om tiltaka har hatt nokon verknad.»

**Ragnhild Irene Nordheim
soknerådsleiar**

Nye heller



Fontenen på Øystese kyrkjegard har fått nye heller gjeve av Hardanger skifer og Bård Sandven. Me takkar!! På biletet ser me hellene og f v gjevar Bård Sandven og kyrkjegardsarbeidarane Arne Severin Sandal og Heine Ugletveit. Foto: Harald Kjosås.

En hilsen fra Sørøst-Asia

Hjertet forteller oss at vi nok en gang forbereder oss på en reise som tar oss hjemmefra. Nå er ikke destinasjonen like ukjent, og bekymringene våre handler ikke om krokodiller, tsunamier og vulkanutbrudd, men like fullt er vi nødt til å legge all vår frykt og engstelse over på Han som både er i stand og villig til å bære alle våre byrder, skriver Daniel Gammelsæter på vei tilbake til Norge og Kvam etter ni år i Sørøst-Asia.

Det begynner å bli en stund siden Esther og jeg i november 2012 satt oss på flyet til Sørøst-Asia, helt uvitende om hva slags eventyr (og utfordringer) som lå foran oss. Med tre små barn i bagasjen var det ikke helt fritt for bekymringer at vi la ut på det som skulle bli en ni år lang berg og-dalbane av opplevelser. Noen dype daler med sykdom, smerte og motgang, men også mange topper med tilsvarende mye glede.

Det er først og fremst med stor takknemlighet at vi nå ser tilbake på de utrolig vakre og opplevelsesfulle årene Gud har gitt oss her i Sørøst-Asia. Vi har fått lov å bli en del av en stor og vakker familie med troende blant Wana folket. Vi har blitt invitert inn i livene til flere titalls Wana ungdommer som har kommet til byen for å gå på skole. Vi har fått være vitner til hvordan Gud har arbeidet i og gjennom livene til disse ungdommene på måter bare Han kan. Og, ikke minst, har vi selv opplevd en Gud som trofast jobber i våre egne liv til ære for Hans navn.

Nå har vi begynt å telle uker og ikke måneder til vi tar farvel med Sørøst-Asia. Det føles naturligvis veldig annerledes å vite at denne gangen er det ikke snakk om et midlertidig opphold på noen få måneder. Vi snakker om å reise hjem til Norge, men sannheten er at Norge ikke har vært «hjem» for oss på veldig lenge. Sist vi bodde fast i Norge var i 2009, da var Ariel 2 år gammel. Det slo oss nylig at hverken Samson eller Aisa har opplevd å feire bursdagene sine i Norge.

Hjertet forteller oss at vi nok en gang forbereder oss på en reise som tar oss hjemmefra. Nå er ikke destinasjonen like ukjent, og bekymringene våre handler ikke om krokodiller, tsunamier og vulkanutbrudd, men like fullt er vi nødt til å legge all vår frykt og engstelse over på Han som både er i stand og villig til å bære alle våre



På bildet ser me Esther og Daniel Gammelsæter med borna Ariel (14), Samson (12) og Aisa (10).

byrder. Det står så fint i 1 Pet 5,7: «Kast all deres bekymring på Ham, for Han har omsorg for dere.»

Så det er med blandede følelser at vi nå ser mot slutten på ett kapittel, og i spenning tar fatt på det neste. «For vi er

Hans verk, skapt i Kristus Jesus til gode gjerninger, som Gud har gjort ferdige på forhånd, for at vi skulle vandre i dem,» Ef 2,10.

Daniel Gammelsæter

Trosopplæring i vår

Koronatiden har gitt oss ulike erfaringer når det gjelder planlegging og gjennomføring av trosopplæringstiltakene frem til sommeren, eller egentlig hele året, sier kateket Mampion Andriamandimby.

Koronatiden har gitt oss ulike erfaringer når det gjelder planlegging og gjennomføring av trosopplæringstiltakene frem til sommeren, eller egentlig hele året. Tross alle restriksjonene og at vi følger tiltakene, var vi optimistiske for at vi får gjennomføre en del. Av og til måtte vi bare avlyse arrangementene... blant annet tårnagent kveldene, som var planlagt både i Norheimsund og Øystese kirker, pga smittesituasjonen i Kvam.

Babysong

Tilbudet for de minste, som Babysong er, gir rom til å knytte kontakt mellom barn og en av foreldrene, synge sammen, og bli kjent med andre som også har småbarn. Vi fikk gjennomført bare to samlinger, og deltakerne synes det var godt å kunne samles og være i kirkerommet ... med god avstand fra hverandre.

Småbarnstreff

De fleste småbarnstreffene har vært ute, når det lot seg gjøre, slik at det gikk an å nyte det fine været.

Påskevandring

De siste ukene før påske fikk vi besøk av barnehagebarn (alder 3-6 år) i kirken



«Graven der Jesus lå», en av stasjonene på påskevandringen.

og hadde påskevandring. Barna fikk høre fortellingene om hvorfor vi feirer påske i kirken og fikk synge sammen. Kateketen var også på besøk i barnehagen.

Kyrkjekino

I mars hadde vi kyrkjekino på to ulike datoer og begge var suksess. Vi inviterte 7.klassingene i kirken og så på filmen «Narnia- løven, hekse og klesskapet». Etter filmen kunne vi snakke litt om filmen og så hva filmen og Bibelen har til felles. Soknerådet spanderte pizza og foreldre var med og hjalp til. En av deltakerne sa at han kom bare fordi det var pizza, men

jeg tror han fikk med seg mer enn bare pizzastykker.



En av postene på samtalen etter filmen.



Noe godt og pizza til 7. klassingene mens de så på filmen.

Alle 3-åringene i Vikøy og Øystese sokn, og alle 2-/3-(evt.4-)åringene i Strandebarm sokn er nå invitert til krølletreff i hver sin kirke. Vi gleder oss til å møte dem.

Alle 6-åringene som skal begynne på skolen til høsten får komme på en samling i kirken og få utdelt boka «Tre i eit tre», noen før sommeren og andre i høsten.

Konfirmanter

Her i Kvam har vi vedtatt utsetting av konfirmasjonene til høsten.

Det kjennes ganske utfordrende også å planlegge konfirmant samlingene/aktivitetene under denne pandemien. Men heldigvis har vi foreldrene/foresatte til konfirmantene med og hjelper når det trengs. Konfirmantleir ble dessverre ikke i år heller og en del samlinger ble avlyst. Takket være de nye teknologiene, har vi kunne hatt «hjemmeoppgave» for konfirmantene. Men fysiske samlinger gir likevel en annen opplevelse enn de digitale. Konfirmantene er nå ferdig med undervisningssamlingene denne våren. Forhåpentligvis får konfirmantene samlinger med øvinger til høsten, kanskje felles fest med foreldre/foresatte, før selve konfirmasjon.

Kateket Mampion



Lystening med konfirmantene i Norheimsund kirke.



Ekstra kjekt med samlingene i fint være og med is til konfirmantene i Øystese.



KYSTPILEGRIMSLEIA



Opplev vår, vind og velsigning i sommar


Sommaren 2021 satsar kyrkjelydane langs kystpilegrimsleia på arrangement i friluft. Då blir det plass til mange. I ei samla satsing frå pinse til september, som perler på ei snor, vil dei tilby møteplassar for folk langs leia i Bjørgvin bispedøme og Vestland fylke.

Mellom arrangementa er friluftsgudstenester, pilegrimsvandringar og «sjø-vegs-kyrkjereis». Arrangementa vil vere tilpassa trygt og godt smittevern. Dei lokale kyrkjelydane samarbeider med lokale lag og organisasjonar. Sjå gjerne heimesida www.kystkultur.no for å finne alle arrangementa under vignetten «Meir himmel på fjord». Det vil vere arrangement på dei fleste av nøkkelstadane langs kystpilegrimsleia i vårt fylke: Selja, Kinn, Svanøy, Gulatinget, Kvernsteinsparken i Hyllestad, Lygra, Seim, Bergen, Lysekloster, Halsnøy og Moster.

Det vert opa kyrkje ved frivillig vertskap ved Kinn kyrkje i sommar. Også i år vert det egne turistruter klokka 1000 frå Florøy til Kinn – alle dagar utanom onsdag og søndag. Ved kyrkja er det ope for besøk og daglege tidebøner klokka 1330 og 1900. Det går ein fin rundtur omkring øya og i tillegg er det fleire fine fjellturar ein kan gå. Flora turlag driv turlagshytte på Kinn. Kinn kyrkje er ein av nøkkelstadane på kystpilegrimsleia og ein vil kunne stemple pilegrimspasset her.

Bjørgvin bispedøme

Kystkultur.no



Velkomen til gudsteneste!

20.juni

Ålvik kyrkje kl.11
Sommargudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik. Nattverd.

Norheimsund kyrkje kl.11
Sokneprest Roar Strømme.

Strandebarm kyrkje kl.17
Sokneprest Roar Strømme. Nattverd.

23.juni

Øystese kyrkje kl.11
Eldregudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik.

27.juni

Nutemesse i Kvam
Byrkjesete – Botnanuten -
Sundvoredalen - Byrkjesete
Sokneprest Roar Strømme.

4.juli

Norheimsund kyrkje kl.11
Sokneprest David Vogel. Nattverd.

11.juli

Strandebarm/ Åse kl.16
Friluftsgudsteneste
Sokneprest David Vogel. Dåp.

18.juli

Norheimsund kyrkje kl.11
Vikarprest. Nattverd.

25.juli

Øystese sokn kl.15
Stølsmesse på Flatebotnane. Me oppfor-
drar alle til å gå, men bommen er open.
Sokneprest Lars Arne Vik. Nattverd.

29.juli

Vikøy kyrkje kl.19
Prest Audun Aase.

1.august

Norheimsund kyrkje kl.11
Sokneprest Lars Arne Vik. Nattverd.

8.august

Strandebarn kyrkje kl.11
Sokneprest Roar Strømme.

15.august

Norheimsund kyrkje kl.11
Sokneprest Roar Strømme. Nattverd.

22.august

Øystese kyrkje kl.11
Misjonsgudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik. Generalse-
kretær i NMS, Helge S. Gaard tek del.
Nattverd.
Kyrkjekaffi ved lokale NMS-foreiningar.

Strandebarm kyrkje kl.11
Sokneprest Roar Strømme.

Ålvik kyrkje kl.17

Sokneprest Lars Arne Vik. Nattverd.

29.august

Norheimsund kyrkje kl.11
Familiegudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik.
Utdeling av bok til 1.klassingar.

NB! Det kan koma endringar. Sjå lysing i HF!

Friluftsgudsteneste på Botnanuten på Kvamskogen

**Søndag 27. juni skal Øystese sokne-
råd ha utegudsteneste.**

Dette året vert det ein bra fjelltur. Ute-
gudstenesta vert rett over Byrkjesete på
Kvamskogen, og Kvam turlag er med på
arrangementet. Gudstenesta vert på sta-
den der postkassetrimmen har sin app-
plass «Botnanuten», ca 950 moh. Vi kan
parkere på Byrkjesete, 500 m moh. Det
er halvannan times (rimeleg roleg) gange
frå stølen og opp til nuten. Du kan også
velje å gå nede frå parkeringsplassen på
Tokagelet, 370 moh. Då må du rekne ein
halvtime ekstra.

Gudstenesta byrjar kl 1300, med Roar
Strømme som prest. Du kan møte fram
ved bommen nedst i Byrkjesetevegen kl
1100 og bli sleppt gjennom med bil. Vi kan
fylle bilane med folk, slik at ikkje alle treng
å køyre opp. Det er begrensa parkering
oppe på stølen. OBS: Ta med munnbind!!

Frå Byrkjesete er det er bra sti å gå på,
ikkje ulik den til Torefjell, men kortare og




På biletet frå Solhellanuten nær Botnanuten ser me Anna Dysvik nyt utsynet. Foto: Inger Dysvik.

litt brattare nokre stader. Ta med klesby-
te, gjerne ull, nok klede og sitjeunderlag.
Fjellsko, niste og drikke er også bra. Det
er veldig fint på Botnanuten – flott utsikt

i fleire retningar.

Velkomne skal de vera!

Kjell Dysvik



MI SALME

Det er makt i de foldede hender

Jannike Dahle Augestad (34)

bur i Ålvik, gift med Sveinung Augestad, mor til tre og arbeider som kontorassistent ved Bjølvefossen ved Bjølvefossen



Sidan eg høyrte denne salmen for fyrste gong, i ein nydeleg versjon av Sigvart Dagsland, har den satt djupe spor i meg. Den trefte meg midt i hjarterota.

Denne salmen gir meg eit slags håp i tunge tider. «Det er makt i de foldede hender». Har du nokon gong folda hendene dine og kjent etter på kva som skjer? Når eg gjer det, så kjenner eg ein slags prikking, varme og energi. Alt er energi, til og med Gud. Gud bur i oss alle.

Når eg var lita jente, trudde eg at Gud var ein mann som sat i himmelen og såg ned på oss alle og på kva me dreiv på med. Nokon trur kanskje framleis det, me har alle ulikt syn på ting. Men etter at eg vart vaksen har eg lært meg livet sin veg ved hjelp av Gud i meg. Ein usynleg kraft som alltid er der, men det er opp til meg sjølv om eg vil nytta den krafta eller ikkje.

Ved å folda hendene mine, kan eg kjenna etter kva som bur i meg. «I seg selv er de svake og små». Som menneske er eg eigentleg ganske liten, men krafta mi er stor, uendeleg stor, og den kan ingen ta frå meg. Det er eg som har makt over mitt liv.

I teksten står det også «om du tolmodets lekse må lære, himlens bønnesvar engang du får». For meg er livet som ein skule. Alt eg gjer eller har gjort er ein del av min lærdom. Eg lærer av mine feil, om ikkje fyrste gong, så lærer eg kanskje andre eller tredje gong til og med. Om eg stoler på meg sjølv, kall det gjerne magefølelsen, som når eg står ovanfor eit dilemma, kva skal eg velje? så vel eg å stole på magefølelsen, då får eg svaret mitt. «Kall på meg, og du hjelpen skal få».

Det er makt i de foldede hender

*Det er makt i de foldede hender.
I seg selv er de svake og små.
Men mot allmaktens Gud du dem vender,
han har lovet at svar skal du få.*

*Det er svar underveis,
engler kommer med bud.
Om det drøyer,
dog fram det skal nå.
For det lovet jo løftenes trofaste Gud:
Kall på meg, og du hjelpen skal få!*

*Du som ber for ditt barn, dine kjære,
er i forbønn fra år og til år,
om du tålmodets lekse må lære,
himlens bønnesvar engang du får.*

*Det er makt i de foldede hender
når i Frelserens namn du får be.
Og engang, når du livsløpet ender,
hvert et bønnesvar klart skal du se.*

T Trygve Bjerkrheim 1955

M Øivind Tønnesen 1962

Muntert frå emeritus

I spalta Muntert frå emeritus kjem prost emeritus Arne O Øystese (70) med gode stubbar frå si lange prestetid, oppvaksten i Kvinnherad som presteson, sjømannsprest på ulike stasjonar i Europa og USA og den siste yrkesaktive tida som prost i Indre Ryfylke.

Arne O Øystese

Prost emeritus



Verre for kvar gong

Soknepresten hadde vore mange år i teneste i bygda. No hadde han søkt nytt embete og blitt utnemnd i statsråd Tida gjekk, og det nærma seg avslutning og farvel. Så kom dagen då han var innom gamleheimen for å seia takk til pensjonistane. Etter andakten gjekk han frå den eine til den andre, og takka for fellesskap og gilde samvere. Då han kom til gamle Gurine, sette ho i å gråta: «Å nei, du må ikkje flytta frå oss! Det har vore så gildt å ha deg som presten vår!» Presten vart litt kry, og takka for gode ord. Men samstundes la han til: «De får heilt sikkert ein gild og hyggeleg prest igjen!» «Å nei! Det har helst blitt verre for for kvar gong!».

Støtt annonsørane våre - dei støttar oss

Ynskjer du ei velstelt grav heile året?

Me kan tilby stell og montering av EMPERI.
Kan også ta oppussing og oppretting av gravsteinar.

*For informasjon og avtalar ta kontakt med Rusk og Rusk
v/ Arvid Strømme tlf. 99597848.*

HARDANGER BYGGSENTER

www.hardangerbyggcenter.no

BYGGtorget MESTERHUS
- det blir som avtalt



Bjelland

Briller - kontaktlinser - ur

www.optikar-bjelland.no tlf.: 56 55 20 50

Byggmeister
PER AUGESTAD A/S
Tlf. 56 55 28 70 • Mob.: 950 59 910
Epost: per@peraugestad.no heimeside: www.peraugestad.no
MESTERHUS
www.mesterhus.no

KLEPPE
HARDANGER NORGE

KVAM
KRAFTVERK

Til deg! For deg!

SparebankenVest
- satsar på vestlandet

www.spv.no | Tlf. 05555

Døpte

Ålvik sokn

Eira Vines
Emil Vines

Øystese sokn

Oda Steinstø
Ingeborg Stalheim Børven
Eleah Fonneland Mæland

Vikøy sokn

Ingeborg Torsvik

Strandebarm sokn

Anton Bru Rise
Jakob Linga

Døde

Ålvik sokn

Reidmar Saksgård (f.1942)
Kåre J.Aalvik (f.1934)
Johannes Kjos (f.1931)
Lars Torbjørn Horge (f.1951)

Øystese sokn

Ingeborg Børven (f.1925)
Roald Larsen (f.1958)
Leiv Soldal (f.1924)

Vikøy sokn


Audun Storaas (f.1922)
Gerd Brovold (f.1924)
Torlaug Fossåen (f.1925)
Andreas Klem Jensen (f.1928)
Trygve Koltveit (f.1930)

Strandebarm sokn

Aud Bodil Leirstein (f.1936)
Knut Jørgen Svåsand (f.1953)
Hans J. Oma (f.1932)

Kransnedleggjing

Også dette året vart det lagt ned kransar ved krigsminnesmerka i Kvam. På biletet frå 17. mai ser me den eine av to støtter på Øystese kyrkjegard. (LAV)



Lengsle etter fellesskap

Det finst mange slags lengsler i eit menneske, og mange slags fellesskap å finna gjennom eit menneskeliv.

Somme fellesskap berre dumpar me borti, andre må me famlande søkja etter, på bevisst eller ubevisst leiting etter kjernen i oss sjølve, skriv Olaug Dyrkorn om lengsle etter fellesskap i vår nye seniorspalte.

«Vil du skriva noko om lengsle etter fellesskap til Kyrkjebladet, kort og gripande, ikr 250 ord? Gud signe deg! Mvh spr Lars Arne Vik.»

Etter lang tid med koronaregulerte kyrkjer kunne eg ikkje seia nei.

Men kort og gripande? Eg bestemte meg for å prøva.

Etter mange freistnader på å skildra tida med koronastengde kyrkjer og andre hindringar for å kunna samlast, måtte eg gje opp. Emnet vart for stort. Så no håpar eg ein del lesarar vil kjenna seg att i andre vinklingar på emnet eg fekk.

Det finst mange slags lengsler i eit menneske, og mange slags fellesskap å finna gjennom eit menneskeliv.

Somme fellesskap berre dumpar me borti, andre må me famlande søkja etter, på bevisst eller ubevisst leiting etter kjernen i oss sjølve.

Vandrande over Straumsbrua

Eit barndomsminne: Som lita jente la eg av og til merke til gamle folk som kom vandrande over Straumsbrua på veg til bedehuset, kanskje dårlege til beins, med alvorlege ansikt, mørk-kledde.

Synet sette tankane mine i sving. Kva var det som gjorde at dei gjekk dit? Eg drog den konklusjonen at det måtte vera noko som var viktig for dei i bedehuset.

Som vaksen forsto eg at det kunne vera lengten etter fellesskap som drog dei; fellesskap med Den treeinige Gud dei trudde på og sette si lit til i den har-

Olaug Dyrkorn

Senior



de og usikre krigstida, og fellesskap med andre truande og søkjande menneske i same stode. Jesu ord i Bibelen i Matteus 18,20 kom meg i møte på ein særskild måte: «For der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt imellom dei.» Snakk om lovnad! Den fellesskapen kunne vera noko for meg i alle avgjerdene eg måtte ta framover.

Tilgang til inni seg

Dessutan hadde eg møtt mange kloke og kunnige menneske som hadde trua som ein integrert del av kvardagen og livet. Dermed fekk eg ei aning om at omgrepet «å tru» kunne vera noko for meg også reint personleg, og vart nysgjerrig. Kva hadde andre tilgang til inni seg som eg enno ikkje hadde?

Eg måtte prøva å finna ut kva dette trusfenomenet var. Dermed oppsøkte eg små og større kristne grupper der eg arbeidde eller studerte i inn- og utland, åleine eller meir organisert, på kurs, sommar- og misjonsstemne av ymse slag. Ikkje minst gjekk eg til gudsteneste same kvar eg budde.

Ting tek tid

Kva ville få klangbotn inni meg av det eg såg og opplevde kring meg? Ting tek tid, men litt etter litt tok trua til å forma seg og slå rot. Jesu ord i Matt 18,20 vart røyndom. Ei visse om at Gud var meg nær tok til å festa seg. Det var ikkje mitt eige verk! Bibelen vart levande. Gudstenesta med alle sine ulike ledd vart ei kjelde til ufatteleg rikdom. Til mi overrasking og store glede vart det til og med liv i det eg måtte pugga i folkeskulen og enno hugsa for det meste, nemleg Luthers forklåring til dei tre trusartiklane. Heilt utruleg!

Røynsla mi er at det er ein styrke å vita seg kjend tvers gjennom, det nyttar ikkje å førestilla seg for sin Skapar. Fellesskapen er der frå Hans side.

Lokal markering 22. juli ti år etter

Torsdag 22. juli vert det eit arrangement i Norheimsund kyrkje kl 19.00 der me minnest det som skjedde på Utøya og i Regjeringskvartalet 22.07.11. Ordførar Torgeir Næss (Ap) og leiar av Kvam AUF Eusebiu Amanala Schioai m/fl tek del. Kulturelle innslag. Kveldsbøn v/spr Lars Arne Vik og organist Margrete Lid Kjosås. Meir informasjon kjem på nettsider og i HF. (LAV)

Tilsette i Den norske kyrkja i Kvam

Sjekk heimesida www.kyrkja.no/Kvam for kontaktinformasjon



Kateket
Mampion Andriamandimby



Kyrkjetenar/IT-assistent
Frankie Andrianaivo



Kyrkjetenar
Sylvi Elvatun



Kyrkjeverje
Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland



Klokkar i Strandebarm
Lillian Hjertåker Fosse



Organist
Margrete Lid Kjosås



Klokkar i Ålvik
Anja Øvrevik Lofthus



Prestevikar
Marna Roer



Konfirmantlærer
Eivind Daniel Brakvatne Røed



Kyrkjegardsarbeidar
Arne Severin Sandal



Kyrkjelydspedagog
Solveig Lønning Sangolt



Kyrkjetenar
Monica Sørstrømmen Skogvoll



Sokneprest
Roar Strømme



Sakshandsamar
Anne Kari Sørheim



Kyrkjegardsarbeidar
Heine Ugletveit



Sokneprest
Lars Arne Vik



Organist
Sevi Asgarova Øvrehus